



HKF Bussanlegg Knarvik AS  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/891 - 19/8872

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

15.03.2019

## Vedkomande årsrapport oljeutskiljar - GBNR 185/100 Hagellia 3, Gjervik Ytre

Teknisk drift har motteke årsrapport 2018 for anlegg ved gbnr 185/100 Hagellia 3 i Knarvik. Anlegg ved Hagellia 3 er knytt på kommunalt avløpsnett.

Årsrapport for 2018 viser at anlegg ikkje er tømmt. Siste registrerte tømning er utført i november 2015. Kommunen har tidlegare vore i kontakt med driftansvarleg for anlegg ved Hagellia 3 og tømmeoperatør vedrørende manglande tømning. Vi har gitt muntlig melding om at anlegg skal tømast **minimum 1 gong per år** (jf. vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt leidningsnett og forureiningsforskrifta kap 15).

I årsrapport er rapportert inn når vassprøver er tatt og oljeinnhald i utsleppsvatnet. Det er ikkje sendt inn dokumentasjon på utførte analyser hos godkjent laboratorie. Analyserapport frå laboratorie skal leggest ved slik at vi kan sjå kva type olje (smøreolje, olje frå såpe, diesel etc) som er ført ut på kommunalt avløpsnett og til reiseanlegg.

For dei anlegga som Lindås kommune er utslepps-/påseleppsmunde for, vert det sett krav om **minimum 1 tømning per år**. Nokre av anlegga vil sjølvstakt ha behov for fleire tømningar. Anleggseigar skal da påse at anlegg vert tømmt etter behov og **minst** 1 gong i året.

Mengde olje som er avsatt i anlegg seier ikkje noko om anlegget sin reinsefunksjon. Analyserapport frå laboratorie av utsleppsvatn vil gje kommunen ei indikasjon på korleis anlegg fungerer. Når det vert registrert for høge utsleppsverdier skal kommunen kontaktast og analyserapport frå laboratorie sendast inn. Kommunen vil da vurdere anlegget sin funksjon og pålegge abonnenten av kommunale avløpstenester å setje igong tiltak for å få ned oljeinnhaldet i utsleppsvatnet. I dei fleste tilfella skyldes dei høge verdiane feil bruk av vaskemiddel eller for høg vassbelastning på anlegg. Som oftast vil det være tilstrekkeleg å endre type vaskemiddel eller endre rutiner rundt bruk av anlegg (tømmefrekvens, vassbelastning ect). I nokre tilfeller vil det diverre være behov for å skifte ut anlegg.

Som eigar av anlegg og abonnent på avløpstenester, i Lindås kommune, har HKF Bussanlegg Knarvik AS hovudansvar for at kommunen sine krav vert oppfylgt. Vi ber Dykk sørgje for at anlegg vert tømmt **minimum 1 gong per år**.

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Førehandsvarsel om tilsyn:**

På bakgrunn av manglar i årsrapport ser vi behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsynet er å få på plass gode drifts-, vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova §16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved gbnr 185/100. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til ei eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp.

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

HKF Bussanlegg Knarvik AS

Postboks 7900

5020

BERGEN